

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/7385-17

Tildeling av tilskot frå Statsbudsjettet 2018 - kap. 1429 post 71

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1) Det vert gjort slik tildeling av tilskot frå Statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap:
 - a) Heimdalstrand, Sommarhuset, ferdigstilling av måling av den utvendige dekoren inntil kr. 450 000
 - b) Seltuftberget brakke, reparasjon av vindauga på sørveggen inntil kr. 74 000
- 2) Rentemidlar frå 2017 vert fordelt til:
 - a) Seltuftberget brakke, reparasjon av vindauga på sørveggen inntil kr. 66 000
- 3) Frå førehandsløyvinga frå Statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 vert det løyvd tilskot til:
 - a) Bensentunet, stavløa kr. 680 000
Tilskotet skal nyttast slik
 - i) istandsetjing av tak inntil kr. 203 000
 - ii) istandsetjing av grindkonstruksjon inntil kr. 50 000
 - iii) istandsetjing av kledning inntil kr. 190 000
 - iv) istandsetjing av golv inntil kr. 115 000
 - v) rigg og drift inntil kr. 60 000
 - vi) drenering/muring inntil kr. 80 000
 - b) Otternes, stabbur i Thomasgarden kr. 200 000
Tilskotet skal nyttast slik:
 - i) merking og demontering inntil kr. 40 000
 - ii) refundentering og drenering inntil kr. 100 000
 - iii) istandsetjing av trekonstruksjon inntil kr. 60 000
 - c) Vonens hus, fugging og kalkpussing av kjellarvegg inntil kr. 90 000
 - d) Askelund, hovudhuset kr 200 000
Tilskotet skal nyttast slik:
 - i) reparasjon av vindauga inntil kr. 100 000
 - ii) reparasjon av 4 ytterdører inntil kr. 100 000
 - e) Ormelid, selet på Nedstestølen, merking og demontering inntil kr. 85 000
- 4) Det vert ikkje løyvd tilskot frå Statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap til følgjande prosjekt:
 - a) Oppgradering av el-anlegg på Hovudhuset på Fladhammer.

Vedlegg:

Vedlegg 1 og 2: Saksutgreiing og vedtak i HNK sak 14/18, arkivsak 17/7385 dok. 11 og 12
Vedlegg 3: Brev frå Riksantikvaren av 15 februar 2018

Andre relevante dokument i saka:

Vedlegg til Riksantikvaren sitt tildelingsbrev til fylkeskommunane post 71

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

HNK-sak 14/18 vart det gjort følgjande vedtak om bruk av tilskot som ikkje vart fordelt då, og om førehandsløyvinga for 2019:

2. Tilskot frå statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 71 som ikkje vert fordelt no, kr. 524 000 og resten av rentemidlane for 2017, kr. 66 166 vil bli fordelt seinare, samstundes med fordelinga av førehandsløyvinga for 2019.

Når det gjaldt førehandsløyvinga for 2019 vart det gjort slikt vedtak i HNK-sak 14/18:

5. Førehandsløyvinga for 2019 vert fordelt i eit seinare møte.

Førehandsløyvinga for 2019 er på 3,0 mill. kroner.

Denne saka er ei oppfølging av vedtaka over.

Når det gjeld opplysningar om vilkår for tildeling av tilskot og bakgrunn for tilskot så syner fylkesdirektøren til saksutgreiinga til HNK-sak 14/18. Saksutgreiinga her vil difor i hovudsak omhandle fylkesdirektøren sine vurderingar av dei aktuelle prosjekta.

Riksantikvaren har dei seinaste åra gjennomført tilsyn med fylkeskommunane sin forvaltning av tilskot frå post 71. Hausten 2018 starta dei arbeidet med tilsyn hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune. På bakgrunn av den førebelse tilbakemeldinga har administrasjonen til ein viss grad justert praksis i tilskotsforvaltninga. Mellom anna ved at tildelingane no vert gjort meir presise og ei følgje av det er at tildelingane til eit prosjekt vert delt opp i fleire vedtakspunkt. Når tilsynet er ferdigstilt vil Riksantikvaren sin rapport bli lagt fram for hovudutvalet.

2. Dei enkelte prosjekta det er føreslått å løyve tilskot til

Frå dei resterande midlane for 2018:

Heimdalstrand i Balestrand kommune

Eigarar av Heimdalstrand fekk i 2018 tildelt tilskot til restaurering av utvendig veggdekor, samt tilbakeføring av trapp. Sommaren 2018 starta målarmeister Kjell Årseth arbeidet. Opphavleg var planen å reinse og retusjere målinga, men nærare undersøking av dekoren viste at den var så slitt at det var nødvendig å legge ny måling på dekoren. Dette både for å beskytte utskjeringane i treverket og for at fasaden sin fargedekor igjen skulle kunne vere synleg. Første strøk vart lagt seinsommaren 2018, men grunna vår og temperatur måtte andre strøket utsetjast til sommaren 2019. I tillegg vart kostnadane med måling av dekoren vesentleg dyrare enn opphavleg rekna då omfanget av arbeidet vart auka. Ny kalkyle syner at totalsummen på arbeidet vil vere ca. kr. 829 000. Eit vesentleg moment med fredinga av Heimdalstrand var dei rike måla dekorane i både interiøret og eksteriøret. Som kostnadsoverslaget syner er dette særskild arbeidskrevjande og ein er her avhengig av å ha dyktige fagutdanna handverkarar som gjer arbeidet. I denne samanhengen er det begrensa kva eigar kan gjere av eigeninnsats. Eigar søker om å få dekkja ein høg sum av kostnadane med dekorane. Fylkesdirektøren meiner at ein i denne saka kan ta ein så stor del av kostnadane då dette arbeidet er viktig for å kunne ta i vare føremålet med fredinga. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren hovudutvalet til å gjere vedtak om tildeling av tilskot til ferdigstilling av istandsetjinga av dekoren.

Seltuftberget brakke i Aurland kommune

Eigar av Seltuftberget brakke fekk i 2018 tilskot til omlegging av skifertak og kledning. Dette arbeidet vart gjennomført sommaren 2018 og i den samanheng såg ein at vindauga på sørveggen hadde behov for omfattande istandsetjing. Bygningen står utilgjengeleg til og vindauga vart frakta til verkstad med helikopter. Eigar søker no om tilskot til istandsetjing av vindauga.

Frå rentemidlane for 2017:

Seltuftberget brakke

Sjå avsnitt ovanfor. Fylkesdirektøren vurderer at ein kan løyve til saman kr. 140 000 til dette prosjektet. Av denne summen kjem kr. 74 000 av dei resterande midlane frå 2018 og kr. 66 000 er rentemidlar for 2017.

Frå førehandsløyvinga for 2019:

Frå førehandsløyvinga for 2019 vert det fordelt midlar til 5 prosjekt. Samla sum for desse er kr. 1 255 000. Det står då att kr. 1 745 000 til fordeling i 2019.

Løa i Bensentunet i Jølster kommune

Bensentunet i Jølster er eit gardstun der alle bygningane er freda. Tunet har ei høg grad av autentisitet og er svært godt bevart. Utfordringa her er at fleire av bygningane er i dårleg stand og har behov for omfattande istandsetjing. Stiftinga som eig tunet har gjort ein del arbeid på dei mindre bygningane, men det er no behov for å gjere meir omfattande tiltak på fjøset og på stavløa. Stiftinga har prioritert å starte opp arbeidet med stavløa i 2019. Istandsetjing vil krevje at det offentlege går inn med store tilskot, då stiftinga som eig tunet har ein svært krevjande økonomisk situasjon og har vanskeleg med å kunne gå inn med mykje midlar. I det arbeidet som har blitt gjort tidlegare og som er planlagt i 2019 har ein difor lagt seg på ei deling der tilskot frå post 71 vert brukt til å dekke det som skal betalast til handverkar og material, medan medlemmane i stiftinga har stilt opp med mykje arbeid. I samband med planlagde tiltak i 2019 stiller stiftinga opp med maskiner i tillegg til å gjere ein del av arbeidet.

Otternes, stabbur i Thomasgarden

På Otternes er det store utfordringar i grunnforholda til mange av bygningane. Stabburet i Thomasgarden står på ustabil grunn der fundamentet under stabbane glir ut. Dette gjer at stiftinga må gjere tiltak i grunnen for å stabilisere stabburet. I tillegg er fleire av stabbane rotne og må skiftast, samt at det må gjerast ein del mindre reparasjonar og delar av kledningen må skiftast. I utgangspunktet ynskjer ein ikkje å demontere ein bygning, men på grunn av grunnforholda er det fylkesdirektøren si vurdering at ein i dette tilfellet kan godta at bygningen vert demontert for reparasjon. Otternes er ikkje freda, men tunet er i fredingsklasse. Dette gjer at ein kan løyve tilskot til dette prosjektet sjølv om det ikkje er starta opp ei fredingssak eller det føreligg eit fredingsvedtak. Fylkesdirektøren rår difor hovudutvalet til å gjere vedtak om tildeling av tilskot til dette prosjektet.

Vonens hus i Fjaler kommune

I samband med montering av nytt varmeanlegg på Vonens hus rasa ein del av kjellarmuren inn i kjellaren. Eigar fekk reparert dette og murt opp ein ny gråsteinsmur. Det er no behov for å fuge og pusse den nye muren, samt kalkpusse resten av kjellaren. Eigar søker no om tilskot til dette arbeidet. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig slik at kjellaren kan takast i bruk att. I HNK-sak 12/17 vart det gitt tilskot til reparasjon av tak, drenering rundt jordkjellar og utgraving av golvet under gangen i første etasje. Etter at desse tiltaka var ferdigstilt var det att kr. 26 000 av det løyvde tilskotet og eigar søkte om å få desse omdisponert til å fullføre reparasjonen i kjellaren. Då skadane i kjellaren hang saman med arbeidet med drenering vurderte fylkesdirektøren det slik at eigar kunne nytte desse midlane til ferdigstilling av istandsetjinga av kjellaren. I søknad om ytterlegare tilskot til ferdigstilling av kjellaren søker eigar om kr. 97 285. Totalsummen på tiltaket er kostnadsrekna til kr. 174 341. Dersom eigar får innvilga det omsøkte beløpet er eigar sin del av finansieringa på kr. 51 056 dette vil då utgjere 30% av den totale kostnaden. Då eigar

allereie har hatt ein del utgifter med å setje opp att ny mur etter at grunnmuren rasa ut kan fylkesdirektøren tilrå at det vert løyvd kr. 97 000.

Askelund futegard i Balestrand kommune

I samband med handsaminga av HNK-sak 14/18 vart det gjeve avslag på søknad om tilskot til istandsetjing av vindauga med fyljande vurdering:

«På futegarden Askelund i Balestrand har det gjennom fleire år vert gjeve tilskot til ulike tiltak. Pr. i dag har eigar ein stor sum løyvde tilskot som ikkje er utbetalt og fleire prosjekt som ikkje er ferdigstilt. Dei omsøkte prosjekta er nødvendige, men søknaden er noko mangelfull. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at dei tiltaka som det allereie er løyvd tilskot til vert ferdigstilt før eigar får tilskot til nye tiltak. Det bør vurderast å gje tilskot til dei omsøkte tiltaka i 2019 dersom eigar er ferdig med dei påbegynte prosjekta.»

Dei påbegynte prosjekta på Askelund er no ferdigstilt og fylkeskommunen har motteke rapport og revidert rekneskap og betalt ut det løyvde tilskotet. Eigar har i tillegg sendt inn meir dokumentasjon på tilstand til vindauge og dører. I tilstandsregistreringa har vindauga og den to-fløya ytterdørdøra mot nordvest fått tilstandsgrad 2. Ved utbetring av vindauge og dører vil heile huset oppnå tilstandsgrad 1. Skildringa av søknaden er svært summarisk og det vert ikkje gjeve detaljar om kva ein skal gjere med vindauga og dørene. I kostnadsoverslaget frå handverkar er summarisk ved at kostnadar knytt til istandsetjing av to av dørene og vindauga gjeve kostnad på under eitt, medan to av dørene har fått ein eigen sum. Det vert heller ikkje her sagt noko om kva tiltak som skal gjerast. I tillegg er kostnadssummen svært høg og eigar søkjer om å få dekke over 70% av kostnadane. Då huset er eigar sin bustad og ein er usikker på det eigentlege omfanget av arbeid tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd inntil kr. 200 000 for alle tiltaka. Tilrådinga føreset at tiltaket vert følgt opp av fylkeskommunen sin restaureringsleiar og eit av vilkåra er at restaureringsleiar saman med eigar gjer ei grundigare prosjektering av tiltaket før det vert sett i gang.

Ormelid, selet på Nedstestølen

Selet på Nedstestølen er ein ikkje-freda bygning som står på eit område som er freda i medhald av kulturminnelova § 19. I føremålet med fredinga av garden Ormelid vart det lagt vekt på den vertikale driftsstrukturen der stølsvollane er eit vesentleg element. Ingen av stølshusa vart freda i medhald av kulturminnelova § 15 på grunn av den tekniske tilstanden. Sjølv om selet på Nedstestølen har ein svært dårleg tilstand er det mogleg å setje det i stand att. Stiftinga ynskjer å setje selet i stand att og ta det i bruk. Fylkesdirektøren vurderer ei istandsetjing av selet som positivt då det vil styrke opplevinga og forståinga av den vertikale driftsstrukturen på Ormelid som var vesentleg for livberginga der. I utgangspunktet er det ikkje ynskjeleg å demontere bygningar, men heller setje dei istand på plassen. Men grunna tilstand på bygningen, behov for å reparere grunnmuren samt at den er vanskeleg tilgjengeleg, ser fylkesdirektøren at det i dette tilfellet er nødvendig. Prosjektet det er søkt om tilskot til omhandlar merking av bygningen, demontering og helikopterfrakt av bygningen samt transport til hall der bygningen skal restaurerast. Fylkesdirektøren rår til å gje tilskot til merking og demontering av bygningen med inntil kr 85 000.

3. Dei prosjekta det er føreslått å ikkje løyve tilskot til

Hovudhuset på Fladhammer

Søknad frå eigar er om tilskot til oppgradering av el-anlegget i bygningen. I søknaden ligg det ikkje føre noko opplysingar om ei kostnadsauke som fylje av at bygningen er freda og eigaren søkjer om tilskot til ei ordinær oppgradering av det elektriske anlegget. Bygningen har eit gammalt elektrisk anlegg og det er såleis fint at eigar planlegg ei oppgradering av dette. Tiltaket er eit reint oppgraderingstiltak og det er ikkje mogleg å gje tilskot frå post 71 til denne type tiltak. På bakgrunn av dette er eit tiltak som ikkje kjem inn under tilskotsordninga, rår fylkesdirektøren til å avslå denne søknaden.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med framlegg.